

Referat

STYREMØTE NR. 10 i ØIL – 22.02.2017

Møte		Referat	
Dato	Onsdag 22.02.2017 kl. 18:30	Deltakarar	Arne Lunestad / leiar Giedre Keturakiene / kasserar Rune Vik / skrivar Linn Beate Haugslund Ur/ styremedl. Marit Buttingsrud/ styremedlem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Per Dysterud/ fotballgruppa Olav Kreken/ orientering
Stad	Kvam Kan huset	Forfall	Frank Kjøsnes / nestleiar Silje Laupsa Mo/ styremedlem Leiv Sandven / trimgruppa Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa
Referent	Rune Vik	Kopi	
Neste styremøte	Før årsmøte, etter innkalling		Årsmøte i Holmatun: Onsdag 22.02.2017 kl 18:00

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
10.1	Saker		
.1	<u>Godkjenning av innkalling og saksliste</u> Vedtak: Innkalling og saksliste vart einstemmig godkjend.	info	
.2	<u>Godkjenning av referat frå styremøte nr 08-22.03.2017</u> Vedtak: Møtereferat nr. 8 vart godkjent utan kommentar.	info	
.3	<u>Terje Melstveit – om drift av IFO/FFO</u> Terje Melstveit har som medlem i ØIL stilt ein del kritiske spørsmål til drifta av IFO/FFO. Mellom anna til mangel på fleksibilitet i arbeidskontraktane og til stillingsstorleikar. Leiar i ØIL opplyste at tilsettingar i FFO/IFO hausten 2016 vart gjort i samarbeid med styret i fotballgruppa. Men at det i etterpåklokskapen namn må innrømmast at avtalane kanskje ikkje inneheldt naudsynt fleksibilitet i forhold til endringar i etterspurnaden for FO-tilbodet. Nokre avtaler er no endra og tilpassa meir svingingane med talet på born som brukar fritidsordninga. Dessutan skal ny sportssjef i fotballen steppa inn i FFO/IFO ved behov. Terje Melstveit vurderer stillingsstorleiken på 60 % til dagleg leiar FFO/IFO å vere for høg i forhold til tidlegare erfaring. Her vart det gjort vurderingar ved tilsettinga, og ein landa på 60 %. Det er sjølvstakt ulike måtar å rekne på behovet.	info	

	<p>Vedtak: Styret i ØIL ynskjer eit møte med representantar frå fotballstyret for å drøfte saka. Målet med ei slik drøfting er å kome til eit omforeint forslag til vedtak, som kan fremjast for årsmøte. Arne Lunestad, Leiv Sandven og Rune Vik møter frå ØIL-styret.</p> <p>Viktig at eit forslag til vedtak er kvalitetssikra i forhold til NIF-lovverket.</p> <p>.9 <u>Avtale om privat underskotsgaranti for fotballgruppa</u></p> <p>Fotballgruppa har oppretta ei ny rekneskapsmessig avdeling "103 Senior fotball". Eit vilkår for at budsjettet vart vedteke i årsmøtet i fotballgruppa, var at det låg føre ein underskotsgaranti for avdelinga. Det vart ikkje på årsmøtet opplyst kven som sto som garantist.</p> <p>Privat avtale med Roger Vassnes er utarbeidd.</p> <p>Styret har innhenta uttale hjå Hordaland idrettskrets (sitat frå epost datert 17.02.2017):</p> <p><i>Viser til henvendelse vedrørende råd rundt avtale om privat underskuddgaranti for fotballgruppen i idrettslaget.</i></p> <p><i>Hvem kan inngå avtale på vegne av idrettslaget</i> <i>Vi vil først presisere at det er selve idrettslaget som er rettssubjektet. Jfr. NIFs lovnorm for idrettslag fotnote 17 er det hovedstyret som leder og forplikter idrettslaget. Dette innebærer at det er hovedstyret som kan foreta ansettelse og inngå eventuelle andre avtaler som forplikter idrettslagets juridisk. Hovedstyret kan imidlertid gjennom særskilt instruks eller vedtak gi idrettslagets gruppestyrer fullmakt til å forplikte idrettslagets innenfor instruksen/vedtakets rammer.</i></p> <p><i>Person med økonomisk interesse i driften av idrettslaget</i> <i>I et slikt tilfelle hvor en person ønsker å stille garanti for underskudd vil dette kunne falle innunder NIFs lov § 2-7 og NIFs lovnorm for idrettslag § 8, Valgbarhet og representasjonsrett for andre personer med tilknytning til idrettslaget. Et medlem som har en avtale med idrettslaget som gir vedkommende en økonomisk interesse i driften av idrettslaget er ikke valgbar til styre, råd, utvalg/komiteé mv. innen idrettslaget eller overordnet organisasjonsledd. Idrettslaget må selv vurdere om dette kommer innunder nevnte paragrafer.</i></p> <p>Vedtak: Med den rolla Roger Vassnes har både som dagleg leiar i fotballgruppa og som lagleiar for seniorlaga, er styret av den oppfatning at underskotsgaranti ikkje kan godkjennast innanfor lovverket.</p> <p>Underskotsgaranti frå person/organisasjon utan tilknytning til fotballen vil derimot kunne godkjennast. Fotballgruppestyret må først gje sin tilslutning til ein slik garanti, i framkant av at garanti vert lagt fram for hovudstyret.</p>	<p>Arne L</p> <p>info</p> <p>styret</p> <p>Info til fotb.gr</p>	<p>Styreleiar fotball Per Dysterund</p>
--	---	---	---

.10	<p><u>Leigeavtale i Holmatun med ny eigar Holmatun eigedom as</u></p> <p>Det vart gjennomført avklarande møte mellom Holmatun Eigedom AS (HE) og Øystese idrettslag (ØIL), onsdag 15/2-2017 kl 19-20.</p> <p>Følgjande deltok:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Holmatun Eigedom AS v/ AK Glück-Teigland • ØIL v/ Rune Vik, Leiv Sandven, Frank Kjøsnes <p>Det er semje om vidareføring av gjeldande avtale med nokre justeringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avtale frå hausten 2013 er gjeldande fram til 31/7-2017. Sjå vedlagt avtale. • ØIL kan akseptere følgjande endring i forhold til gjeldande avtale og bruk av lokala for siste halvår/fram til 31/7-2017: <ul style="list-style-type: none"> ○ Høvet til bruk av toalett i kjellar i samband med ØIL-fotballtreningar på kveldstid og helg – utgår. ○ ØIL vil vike for Holmatun eigedom AS sitt behov om det skulle oppstå samtidig behov for ungdomsklubblokalet på kveld eller helg. ○ Husleige Leige for vårhalvåret fram til 31/7-2017 kan fakturerast med kr 35 000 som eit eingongsbeløp. • Praktisk gjennomføring: Holmatun/ØIL/ØIL fotball gjennomfører møte for å verte einige om rutinar ved bruk av klubblokale/lager på kveldstid og evt. kveld. <ul style="list-style-type: none"> ○ Gjeld låserutinar, skal skoa tas av oppe i gangen, kva med alarmer, korleis unngå ulemper for IFO/FFO-drifta, m.v. Viktig å avklara forventningar frå ny eigar. <p>Vedtak: Husleigeoverenskomst mellom ØIL og Holmatun eigedom AS vert godkjent.</p> <p>Styrelleiar i fotballgruppa gjer avtale om møte om praktisk gjennomføring med Holmatun eigedom as v/ AK Glück-Teigland. Dagleg leiar i fotballen og kanskje ny sportssjef bør delta. Rune Vik stiller frå hovudstyret.</p>	info	styret
.11	<p><u>Idrettsfritidsordninga IFO/ FFO</u></p> <p>Styret i ØIL vedtok på styremøte 25.01.2017 at det skulle fremjast sak for årsmøtet i ØIL om at ein avsluttar idrettsfritidsordninga IFO/ FFO etter skuleåret 2016/2017. I praksis vil drifta då halde fram til og med juni 2017.</p> <p>Søndag 19/2 kl 20 vart det gjennomført møte med representantar frå fotballgruppa for å finne løysing på korleis fotballgruppa kunne vidareføre fritidsordningstilbodet. Ein måte er å etablere ei foreining med eige org.nummer med t.d. føremål å drive FFO/IFO med tilsette med fotballfagleg kompetanse, som også er knytt til fotballgruppa som trenarar, sportssjef m.v. Dagleg leiar IFO/FFO Kristin Glück-Teigland deltok på siste del av møtet.</p> <p>Tysdag 21/2 hadde fotballgruppa møte om tema. I følgje</p>	snarast	Styrelleiar fotball Per Dysterud
		info	

	<p>styreleiar i ØIL-fotball var det då gjort vedtak om at fotballfritidsordninga (FFO) for 3. til 7. klasse vil verte vidareført gjennom ny foreining.</p> <p>Styret sitt råd er at fotballgruppa snarast går ut med at FFO-tilbodet vert vidareført gjennom ny organisering.</p> <p>Sak på årsmøte om nedlegging av IFO/FFO i ØIL-regi, kan då innehalde informasjon om at fritidsordningstilbodet vert vidareført gjennom fotballen.</p> <p><u>Medlemsregister for ØIL</u></p> <p>Medlemsoversikten for ØIL som no ligg i KlubbAdmin, stemmer ikkje med excellista som ØIL oversendte NIF for importering. Manglar ca 140 medlemmer ?</p> <p>Leiar i ØIL har vore i kontakt med NIF. Sak må følgjast opp.</p>	info	<p>Styreleiar fotball Per Dysterud</p> <p>Arne L</p>
10.2	Fotballgruppa		
10.3	Friidrett/trimgruppa		
10.4	HC-gruppa		
10.5	Symjegruppa		
10.6	Hoppgruppa		
10.7	Orientering		
10.8	Økonomi		
10.9	Eventuelt		

Rune Vik/ skrivar